



## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FE-024, FA-F30	22/144

Saksnr	Utval	Type	Dato
037/22	Formannskapet	PS	05.04.2022
018/22	Kommunestyret	PS	07.04.2022

### Spørsmål om mottak av flyktningar frå Ukraina

Vedlegg:  
Oppmoding

#### Saksutgreiing: Saksopplysningar

Fedje kommune har fått førespurnad om å ta i mot 30 flyktningar frå Ukraina. Dette talet er stadfesta seinast i brev frå IMDI datert 18.03.22. Kommunen er beden om å sende inn vedtak på kor mange flyktningar ein kan ta imot innan 31.3.

Flyktningestraumen frå Ukraina er svært stor. I skrivande stund har talet på flyktningar ut frå Ukraina overstige 3 millionar. Arbeids- og inkluderingsdepartementet og IMDI (Inkluderings og integreringsdirektoratet), antyder at det kan kome 30 000 flyktningar frå Ukraina i tillegg til 3 450 overføringsflyktningar i 2022. Samstundes vert det og sagt at det kan kome opp mot 100 000 frå Ukraina.

#### Vurdering

Når eller om det kjem flyktningar til Fedje veit ingen, men rådmannen har etter dialog med ordførar, meldt inn at kommunen kan ta imot ca 30 personar. Det er til slutt kommunestyret som avgjer saka, men korte tidsfristar frå ein fredag til måndag innebar at det første svaret måtte sendast utan politisk handsaming i kommunestyret.

Fedje har tatt i mot syriske flyktningar tidlegare. Erfaringane frå det er verdifull i kommunen sitt arbeid med å førebu eit eventuelt mottak. Rådmannen har hatt eit møte med leiarar, Nav og Politiet der ein delte og drøfta erfaringane frå sist med sikte på å starte ny planlegging. Kommunen vil m.a. ha ansvar for

- Betale ut økonomiske ytingar til personane det gjeld. Utbetalinga vert gjort av Nav etter vedtekne satsar og lovverk.
- Tilby kommunale tenester som helse, barnehage, skule og vaksenopplæring
- Sikre eit akseptabelt butilbod.

I tillegg er det viktig med å tilby fritidsaktivitetar for både barna og dei vaksne. Det er ei uttalt målsetjing å få flyktningane i arbeid. Dette blir eit prioritert arbeid.



# Fedje kommune

## Folkehelse

Helsesjekk vil vere viktig og noko av den første kartlegginga som må gjerast. Vi ser for oss å få personar som har gjennomgått og vil gjennomgå store traumer. Det vert derfor viktig med oppfølging på det personlege planet her.

## Miljø Økonomi

Staten har signalisert at dei vil betale ut etter liknande satsar som ved førre mottak. Kommunen vil motta integreringstilskot i 5 år og tilskot til vaksenopplæring i tre år. Som første tiltak bør kommunen lyse ut og tilsetje ein flyktningesekretær. Vedkomande skal på ingen måte gjere alt arbeidet med flyktningane, men vere ein som koordinerer dei ulike tiltake som må setjast inn. Finansiering av ei slik stilling må gjerast av midlane kommunen får overført til arbeidet.

I skrivet frå IMDI er satsane slik:

1.integreringstilskot einslege vaksne kr 234 900 per år

integreringstilskot vaksne og barn i familiar kr 189 400 per år

integreringstilskot einslege mindreårige kr 182 300 per år

barnehagetilskot, barn 0—5 år kr 27 100 per år

eldretilskot, fylt 60 år ved busetting kr 176 000 per år

Når det gjeld tilskot for opplæring i norsk og samfunnskunnskap, er satsane inndelt i persontilskot og grunntilskot. Satsane fylgjer det mønsteret kommunen mottok då dei busette syriske flyktningar.

Satsane ovanfor er det kommunen mottek som tilskot. Det skal m.a. dekke arbeid med flyktningar, barnehageplass og skuleplass. I tillegg får altså kommunen tilskot til vaksenopplæring gjennom introduksjonsprogrammet.

Utbetaling direkte til dei som kjem, vert gjort gjennom Nav etter vedtekne satsar og lovverk.

## Konklusjon

**Fedje kommune vil ta imot minst 30 flyktningar frå Ukraina. Kommunedirektøren får i oppgåve å bemanne opp administrasjonen og dei tenestene som treng det for å kunne tilby gode kommunale tenester for dei som vert busett i kommunen frå Ukraina**

**I tillegg må kommunedirektøren ha fullmakt til å disponere tilskota kommunen mottek for tiltaket.**



# Fedje kommune

Vi mottok integreringstilskot og tilskot til opplæring i introduksjonsprogrammet. Det kan bli aktuelt å tildele flyktningane eit startstilskot når dei kjem. Dette fordi det kan ta nokre dagar å få ordna det formelle med vedtak og utbetaling gjennom Nav. Rådmannen må ha fullmakt til å lage til ei slik ordning i dialog med Nav.

## **Forslag til vedtak:**

Fedje kommune vil ta imot 30 ukarinske flyktningar slik IMDI ber om. Kommunedirektøren får i oppgåve å bemanne opp administrasjonen og dei tenestene som kommunen treng for å kunne gi flyktningane eit velfungerande butilbod i Fedje.

Kommunedirektøren får og fullmakt til å inngå leigeavtalar om eventuelle bustader til formålet. Kommunedirektøren har og fullmakt til å disponere tilskota kommunen mottok til formålet slik det går fram av lovverk og i saksutgreiinga i denne saka.

Fedje kommunestyre er klar over at mottak av 30 flyktningar også kan medføre familiegjenforening som kjem i tillegg til dei 30 det vert gjort vedtak om. Fedje kommunestyre er positiv til dette.

## **Formannskapet - 037/22**

### **F - behandling:**

#### **F - vedtak:**

Fedje kommune vil ta imot 30 ukarinske flyktningar slik IMDI ber om. Kommunedirektøren får i oppgåve å bemanne opp administrasjonen og dei tenestene som kommunen treng for å kunne gi flyktningane eit velfungerande butilbod i Fedje.

Kommunedirektøren får og fullmakt til å inngå leigeavtalar om eventuelle bustader til formålet. Kommunedirektøren har og fullmakt til å disponere tilskota kommunen mottok til formålet slik det går fram av lovverk og i saksutgreiinga i denne saka.

Fedje kommunestyre er klar over at mottak av 30 flyktningar også kan medføre familiegjenforening som kjem i tillegg til dei 30 det vert gjort vedtak om. Fedje kommunestyre er positiv til dette.

Samrøystes vedteke.